

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

NVE konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.:
201106573-8,
200900318-11,
201101110-9,
201205014-11,
201404142-8

Dykkar dato:
25.03.2015

Vår ref.:
7-vj/15swb

Vår dato:
27.05.2015

Ang. høyring av konsesjonssøknadar for fem småkraftverk i Luster kommune

Syner til dykkar brev med ref. 201106573-8, 200900318-11, 201101110-9, 201205014-11, 201404142-8 der de bed om fråsegn til konsesjonssøknadar for i alt 5 småkraftverk i Luster kommune. 4 av desse ligg i nærleiken av Vest-Jotunheimen villreinområde (Åselvi, Mordøla, Kveken og Kinsedal). Villreinnemnda har gjort ein gjennomgang av dei ulike søknadane, og funne at samtlege anlegg vil verte liggande utanfor villreinområdet. Tre av sakene har inntak høvesvis høgt i terrenget på plassar der ein har villreinområdet nært opp til (Kveken, inntak nedanfor stølen Kveken i Kinsedalen, på kote 525) , Mordøla (inntak i Mardølsvatn på kote 380) og Åselvi (inntak i Åselvi på kote 650).

Når det gjeld Mordøla er terrenget forma slik at det er markante høgdeforskjeller og eit svært bratt terrenget i sona mellom inntak og grensa for villreinområdet. Me vurderar det difor slik at terrenget i stor grad vil «kamuflere» tiltaket i høve til villreinen. Reinen vil ikkje kome i kontakt med korkje inntak eller verte uroa av anleggsarbeid.

Både Kveken og Åselvi ligg nedanfor skoggrensa, og sjølve inntaka ligg i skogsterreng som i berre liten grad vert nytta av villreinen. Det ligg stølar i nærleiken, og mellom inntaka og snaufjellet (villreinområdet) ovanfor finn ein fjellbjørkeskog. Dette er plassar der villrein kan kome ned på tidleg vårgroe. Ein bør difor syne varsemd i april og mai, og stogge arbeidet dersom rein trekker nedover i den akteulle dalen.

Me vil gjere merksame på at inntaket for Kveken ligg like i underkant av eit mykje nytta kalvingsområde. Her bør ein vise varsemd under anleggsperioden, og unngå helikoptertransport i perioden medio april tom ut juni månad. Sprengningsarbeid bør og utsettast til ein er trygge for at simler på kalving og/eller forsommarsarbeite har forlate områda ovanfor. Om ein ikkje har oversikt over kor dyra held seg bør det utsettast til 1. juli.

Villreinnemnda vil oppmøde om at omsynet til villreinen vert lagt som vilkår til ein evt. konsesjon, eller minst som fastsette krav i landskaps- og miljøplan for det aktuelle anlegget.

Med helsing villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Astrid Eitrheim Lerum

sign.
Leiar

Siri Wølneberg Bøthun

Sekretær

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kopi til:

Vest-Jotunheimen villreinutval v. Vidar Moen

Luster fjelloppsyn

Luster kommune

Årdal kommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sekretariatsadresse:
Siri Bøthun Naturforvaltning
Hovsgranden
6896 Fresvik